

Saka om Fyllingsdalen kulturhus har tre dimensjonar, minst. Den eine er kva for løysing som tener innbyggjarane i dalen best, den andre er ressursbehovet og den tredje er kva for interesser som skal leggjast mest vekt på i avgjerdprosessen.

Skal ein eigedomsinvestor få bestemme?



KULTURHUS I FYLLINGSDALEN: «I mine auge er det ikkje tvil om at eit kulturhus nær Oasen er det klart beste for brukarane. Det er også dette som representative organ i Fyllingsdalen har gått inn for», skriv Rikard Solheim. ILLUSTRASJON: PER KRACSETH, CUBUS

FYLLINGSDALEN KULTURHUS

SISTE UTSPEL i ørkenvandringa fram til kulturhus i Fyllingsdalen kom 8. november 2012. Då presenterte Auto23-eigar Morten E. Fredriksen sine «storstilte» planer for utbygging av den 160 mål store eigedommen hans på Spelhaugen. Dette inneheld at kulturhuset for Fyllingsdalen skal byggjast der. Fredriksen arrangerte pressekonferanse for å selje inn planane sine til media og til utvalde politikarar.

I MINE AUGE er det ikkje tvil om at eit kulturhus nær Oasen er det klart beste for brukarane. Det er også dette som representative organ i Fyllingsdalen har gått inn for. Både Fyllingsdalen Kulturråd, som representerer om lag 30 lag og organisasjonar i bydelen, og det no nedlagde bydelstyret har einstemmig og tverrpolitisk gått inn for at kulturhuset må byggjast i tilknytning til Oasen. Pirra av debatten i media gjekk eg inn på nettet og las gjennom kulturrådet sine argument. Dei likna til forveksling på sunn fornuft.

ETTER 10 ÅR i Fyllingsdalen har eg lært å sette stor pris på Oasen. Ikkje minst på biblioteket, som eg brukar mykje i samband med eit bokprosjekt.

Oasen er ikkje berre eit kjøpesenter, men har mange servicetilbod samla på ein stad. Samlokalisering med kulturhus ville gjere Oasen til eit enno meir fullverdig bydelssenter. Eitt bydelssenter vil, i tillegg til praktiske fordelar og spart tid, også gje miljøvinstar i form av redusert behov for bilkøyring. For meg og mange

andre er det viktig. På ettermiddag og kveldstid vil kulturhuset kunne gjere seg nytte av ledige parkeringsplassar.

Eg syns også at det er både underleg og urettferdig at det skal ta så lang tid før ein såpass stor bydel får seg kulturhus. Sjølv kjem eg frå ein kommune som har knapt femteparten så mange innbyggjarar som Fyllingsdalen, men som har kulturhus og eit blomstrandekulturliv.

KVA SÅ MED ressursbruken? Som nemnt vil samlokalisering av kulturhus, andre servicetilbod, kontorarbeidsplassar og forretningar gje synergieffektar og innsparing av reisebehov og parkeringsplassar. Effektivt ressursbruk er mest mogleg nytte i forhold til kostnadene. Dei sterke og samstemmige fråsegnene frå brukarinteressene indikerer at det er mykje større «betalingsvilje» for eit kulturhus nær Oasen enn på Spelhaugen.

Fyllingsdalen har kjempa for kulturhus i over 30 år. I 2011 såg det omsider ut til at ei god løysing var i sikte. Den 21. juni 2011 hadde bydelssavisa «Sydvesten» eit stort oppslag om saka under tittelen «Vi har en kulturhus-løsning», og løysinga var å bygge kulturhus som ein del av utvidinga av Oasen. Kulturrådet i Fyllingsdalen som hadde leia kampen dei siste åra var glade. Og kulturbyråd Harald Victor Hove var svært optimistisk og rekna med at bystyret ville kunne behandle saka på møtet sitt i september i 2011. Men slik gjekk det ikkje. Nye kjelkar kom i vegen.

I NOVEMBER 2011 bestemte byrådet seg for ein snuoperasjon: å leggje kulturhuset ut på anbod. Sjølv om landets fremste ekspert på området, jussprofessor Kai Kryger, hadde laga ei grundig utgreiing som konkluderte med at anbod var uøngvendig i dette tilfellet. Konfrontert med dette i bt.no 6. desember, seier den nye kulturbyråden, Gunnar Bakke, at han er kjend med dette, men at kommunen har valt å leggje vekt på sin eigen ekspert på området. Men så fortel Bakke noko interessant: «Han viser til at Auto 23 har gjort en henvendelse til kommunen og pekt på at det i sin tid forelå en muntlig avtale om å vurdere Spelhaugen som alternativ plassering for kulturhuset. Gitt denne henvendelsen, mener jeg det vil være ryddigst å legge til rette for en konkurranse.»

DET ER BÅDE UNDERLEG OG URETTFERDIG AT DET SKAL TA SÅ LANG TID FØR EIN SÅPASS STOR BYDEL FÅR SEG KULTURHUS

Når saka no er sendt ut på ei ny ørkenvandring, ville det kanskje vere «ryddigst» overfor dei som har kjempa for kulturhuset så lenge, at byrådet fortel noko meir om den muntlege avtalen som velta sjansen for å få kulturhusløysing no, om kva avtalen inneheld, om kven i kommunen som har inngått den og når.

Under overskrifta «Kostbar spareiver» hadde BT 21. januar 2012 ein leiar som på ein god måte oppsummerte situasjonen og den kommunale behandlinga av saka: «Et kulturhus i Oasen, bydelens hjerte, har bred støtte og vil ha en rekke fordeler. Viktigst er nærhet til de mange som oppsøker kjøpesenteret daglig og gir en «drop-in»-effekt.» BT skriv at byrådet driv uthaling og sluttar med: «En slik kommunal uthalingstaktikk er vanskelig å forstå og vanskelig å godta.»

EIN TREDJE GRUNN for min skepsis til kulturhus på Spelhaugen, er at eg ikkje utan vidare kjøper Fredriksen sin kampanje om «gigantplanane» der.

Fredriksen har sin agenda. Han er interessert i å få avkastning på investeringa si. Det må han ha lov til. Og han vil vere interessert i at det offentlege gjer investeringar i infrastruktur og kulturhus som aukar verdien på eigedommen hans og på eiga avkastning. Det er ein taktikk som vert brukt av eigedomsinvestor i heile verda. Men Fredriksen bør ikkje oppnå dette på bekostning av innbyggjarane i Fyllingsdalen.

Når bystyret skal avgjere denne saka er det å håpe at dei legg størst vekt på det standpunkt som representative organ i Fyllingsdalen – einstemmig – har gått inn for, og som nok også er det alternativ som samla sett gjev mest effektivt ressursbruk. Slik saka har utvikla seg vil avgjerda også stille sterke krav til politikarane sin integritet.



RIKARD SOLHEIM

skribent og pensjonert sivilingeniør

DAGENS KULTURDEBATT

Delta i kulturdebatten på kulturdebat@bt.no. Maks lengde hoveddinnlegg: 4500 tegn inkl. mellomrom, spalteinnlegg 1800 tegn.



KULTUR: «Egentlig så er debatten mellom Hadia Tajik og Tybring-Gjedde i seg selv lite interessant. Der kulturministeren beskriver norsk kulturpolitikk innenfor en ramme over hva som kan bevilges penger til på et statsbudsjett, slår Christian Tybring-Gjedde seg fast på nasjonalistisk nostalgj.» skriv Mathilde Tybring-Gjedde på Minerva. Kulturdebatten rasar vidare, og at ulike generasjonar er usamde i kulturspørsmål er nok ikkje typisk norsk, men universelt.

MARIA DYROL SANDVIK, DEBATJOURNALIST I BERGENS TIDENDE